



DET KONGELIGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Statsråden

Naustdal kommune
Askvoll kommune
Nordic Mining ASA

Deres ref

Vår ref
12/3195

Dato
13.03.2013

Reguleringsplan for Engebøfjellet i Naustdal og Askvoll kommunar – behov for tilleggsinformasjon

Vi viser til brev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 1. juli 2011. Reguleringsplan for Engebøfjellet er oversendt Miljøverndepartementet for avgjerd etter plan- og bygningslova (1985) § 27-2 nr. 2 andre ledd. Fiskeridirektoratet region vest har motsegn til planen. Det vises også til søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova av 8. august 2008. Søknaden blei revidert 10. juni 2009.

Det ligg ikkje føre tilstrekkeleg grunnlag til å treffe avgjerd i Engebøsaka. Miljøverndepartementet kan derfor ikkje godkjenne reguleringsplanen eller gje utsleppsløyve etter forureiningslova.

Miljøverndepartementet ber om ytterlegare opplysningar ut i frå at saka ikkje kan avgjerast av departementet før det ligg føre kartlegging av strømmingsmønsteret i fjorden og ei grundigare vurdering av risiko for sprenging av finpartiklar, samt enkelte andre tilhøve. Desse tilhøva omfattar noko meir kunnskap om naturmangfaldet i deponiområdet, effektar av sprenging på fisk og informasjon om bruk av ferskvatn.

Miljøverndepartementet vil slutthandsame saka umiddelbart etter at resultatet av desse undersøkingane ligg føre.

Bakgrunn

Reguleringsplan for Engebøfjellet blei vedteken av Naustdal og Askvoll kommunar 11. og 12. mai 2011. Planen legg grunnlag for utvinning av mineralet rutil frå

Engebøfjellet i Naustdal kommune. Mineralet blir nytta som råstoff ved produksjon av pigment og titanmetall.

Samla uttaksmengde er vurdert til 250 millionar tonn over ein driftsperiode på ca 50 år. I tillegg til rutilmalmen vil det bli teke ut ca 35 millionar tonn gråberg med lite rutil. Gråberget er planlagt deponert i Engebødalen, mens avgangsmassane frå rutilproduksjonen er planlagt deponert på 300-350 m djup i Førdefjorden. Etter at drifta er avslutta vil toppen av sjødeponiet ligge på 150 m djup. Arealet som er regulert til sjødeponi er 4,4 km² stort.

Fiskeridirektoratet region vest reiste motsegn til planen i brev av 10. september 2010. Ut frå eksisterande kunnskap meiner direktoratet at det planlagde sjødeponiet vil ha urovekkjande verknad på det marine miljøet, det biologiske mangfaldet i fjorden og på kysttorsken som ressurs. Konkret meiner direktoratet at kommunane ikkje har teke omsyn til dei konsekvensane djupvassdeponiet, utslepp av ferskvatn og sprenging vil ha for gytefelta for kysttorsk i Redalsvika og for ål i Grytelva og i Redalselva. Direktoratet påpeikar at konsekvensutgreiinga ikkje har fått fram tilstrekkeleg kunnskap om partikkelspreiing og effektar på viktige bestandar av fisk.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte mekling med partane 15. mars 2011 utan at saka vart løyst. Ved oversending av saka til Miljøverndepartementet 23. juni 2011 tilrår fylkesmannen at reguleringsplanen vert godkjend. Fylkesmannen meiner motsegna gjeld tilhøve som kan avklarast ved handsaming av søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova.

Miljøverndepartementet sende motsegnssaka på høyring til Fiskeri- og kystdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet 6. juli 2011. Havforskningsinstituttet blei og beden om å komme med ei vurdering av motsegna. Departementet har og bedt Klima- og forureiningsdirektoratet gjere ei vurdering av søknad om utsleppsløyve.

Igangsetting av tiltaket krev løyve etter fleire lovverk, mellom anna forureiningslova. Nordic Mining sin søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova blei sendt på høyring av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i juni 2009. Det er praksis at søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova ikkje skal handsamast før det ligg føre ein godkjend reguleringsplan for området. For å oppnå ei god samordning av motsegnssaka og søknad om utsleppsløyve har departementet i denne saka funne det riktig å handsame sakene parallelt. Mynde til å handsame utsleppssøknaden blei løfta frå Klima- og forureiningsdirektoratet til departementet ved brev av 10. november 2011.

Synfaring blei gjennomført 15. november 2011 med representantar frå Naustdal og Askvoll kommunar, Miljøverndepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Direktoratet for mineralforvaltning, Direktoratet for

naturforvaltning, Klima- og forurensningsdirektoratet og Fiskeridirektoratet region vest. Representantar frå tiltakshavar Nordic Mining, grunneigarar og ei rekkje organisasjonar deltok og på synfaringa.

Direktoratet blei i same brev og i brev av 31. januar 2012 beden om å kome med ei vurdering og tilråding knytt til søknad om utsleppsløyve. På grunn av fagleg usemje mellom HI og NIVA innhenta Klima- og forureiningsdirektoratet ei uavhengig vurdering av spreingsrisiko frå UNIS (Universitetssenteret på Svalbard).

Samandrag av høyringsuttaler og tilrådingar

Fiskeri- og kystdepartementet har uttalt seg til saka i brev av 10. april 2012.

Departementet påpeikar at det er stor uvisse knytt til spreing av finpartiklar og effektane av dette. Departementet meiner det bør gjennomførast nye undersøkingar som kan bidra til å dokumentere gruveavgangen sin oppførsel og effektar i Førdefjorden. Fjorden sin verdi som gyteområde må og kartleggjast betre.

Nærings- og handelsdepartementet tilrår i brev av 02.04.2012 at reguleringsplanen vert godkjend og at Nordic Mining i fyrste omgang får utsleppsløyve opp til terskelnivå -220 m der risikoen for spreing av finpartiklar truleg er minst. Dette gjev grunnlag for ca 15 års drift. Departementet tilrår og kartlegging av strømmingsmønsteret i fjorden, vurdering av risiko for spreing av finpartiklar og at det vert innhenta meir kunnskap om tilsetningsstoff.

Klima- og forureiningsdirektoratet tilrår i brev av 19. mars 2012 at det vert gjennomført undersøkingar over eit år for å få kartlagt sesongmessige variasjonar i fjorden sitt sirkulasjonsmønster og risikoen for spreing av finpartiklar. Det er og behov for meir kunnskap om trykkbølgjer ved sprenging og skremmeeffektar på fisk samt eigenskapar til nokre av kjemikaliane som skal nyttast. På grunnlag av nye opplysningar bør det gjerast ei oppdatert vurdering av dei samla effektane tiltaket vil ha på det marine miljøet. Viss nye undersøkingar visar at deponering kan skje utan spreing av partiklar som medfører skadeverknad, meiner direktoratet at det føreslåtte sjødeponiet kan vere ei god løysing for deponering av avgangsmassane.

Direktoratet for naturforvaltning påpeikar i brev av 16. mars 2012 at tiltaket skjer i ein del av Førdefjorden som framstår som sunn og med intakte økosystem. Direktoratet meiner at det planlagde sjødeponiet vil ha betydelege konsekvensar for naturmangfaldet i deponiområdet, herunder fleire raudlista artar. Når det gjeld områda utanfor deponiområdet, meiner direktoratet at det er betydeleg uvisse om kva konsekvensar tiltaket vil ha for miljøtilstand og naturmangfald. Dei viser til verdfulle og raudlista naturtypar og artar i fjorden, mellom anna artar som er nær truga og truga. Det er risiko for at økosystemet sin funksjon, struktur og produktivitet vert forringa i vesentleg grad. Direktoratet meiner kunnskapsgrunnlaget er så mangelfullt at det ikkje er mogeleg å vurdere om tiltaket er i samsvar med naturmangfaldlova §§ 4 og 5 om forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar.

Direktoratet tilrår at reguleringsplanen ikkje blir godkjend, men meiner han kan vurderast på nytt viss nye undersøkingar viser at ein kan etablere eit sjødeponi utan vesentlege skadeverknad på miljøstilstand og naturmangfald. Direktoratet støttar behovet for kartlegging av strømmingsmønsteret i fjorden. Dei påpeikar og at det er uheldig at konsekvensane av uttak av ferskvatn ikkje er utgreidd. Direktoratet meiner dette er viktig for å få eit samla bilete av dei miljømessige verknadene av tiltaket.

Havforskningsinstituttet skriv i brev av 20.02.2012 at tiltaket ikkje bør realiserast fordi det representerar ein ikkje bærekraftig bruk av fjordøkosystemet. Det vert vidare etterspurd ein heilskapleg plan for bruk av fjordane. Havforskningsinstituttet meiner ein først kan vurdere risiko for vertikal og horisontal spreining ved ekstremvær og oppsamla effekt over lang tid når det ligg føre strømmålingar og meir kunnskap om produksjonsprosessen. Instituttet peikar og på andre utreiingsbehov knytt til effektar på økosystem i fjorden, fiskeoppdrett og fiskeri.

Miljøverndepartementet sine vurderingar

Miljøverndepartementet skal etter plan- og bygningslova (1985) § 27-2 nr. 2 andre ledd ta stilling til om reguleringsplanen skal godkjennast eller ikkje. Ved handsaming av søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova § 11, skal departementet vurdere forureiningsmessige verknader opp mot andre føremoner og ulemper ved tiltaket. Etter § 7 i naturmangfaldlova skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde som gjeld naturmangfald.

Miljøverndepartementet meiner det er behov for meir kunnskap om det planlagde sjødeponiet før vi kan ta stilling til motsegna til reguleringsplanen og søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Det er særleg viktig å få avklart om finpartiklane i gruveavgangen vil spreie seg utanfor deponiområdet. Det er og behov for noko meir kunnskap om naturmangfaldet i det omsøkte deponiområdet. Departementet ber i tillegg om at det vert gjort greie for planane for inntak av ferskvatn.

Som grunnlag for vidare handsaming av saka ber departementet om meir kunnskap om følgjande tilhøve:

1. Dokumentasjon av sirkulasjonsmønsteret i fjorden og risiko for partikkelspreiing under og etter deponering. Dette vil innebere representative målingar av turbulens, straum, trykk og hydrografi i heile vassøyla samtidig utanfor kysten og inne i Førdefjorden. Målingane må vare eit år for å fange opp sesongvariasjonar. Forslag til måleprogram skal oversendast til Miljøverndepartementet.
2. Ytterlegare kartlegging av eventuelle gyteområde for fisk og av truga, nær truga og verdifulle artar og naturtypar i deponiområdet. Forslag til undersøkingsprogram skal oversendast til Miljøverndepartementet.

3. Bedrifta skal oversende ein meir spesifisert plan for deponering av avgangsmassar basert på nærare undersøkingar og vurderingar av korleis utsleppet bør arrangerast for å minimere risiko for spreining av finpartiklar.
4. Ei utgreiing av bore- og sprengingsmønsteret bedrifta vil nytte, kva lydtrykknivå som vil følgje av dette og kva effektar dette kan ha for fisk som torsk, ål og laks i ulike livsstadier. Mogelege konsekvensar for dei næraste oppdrettsanlegga bør og inngå.
5. Informasjon om tilførsel av ferskvatn, eventuelt behov for vassdragsregulering og konsekvensar for naturmangfald og vassmiljøtilstand. Vi ber og om ei vurdering av konsekvensane for truga, nær truga og verdfulle artar og naturtypar i Grytelva og Redalsvika ved økt utslepp av ferskvatn.

Skulle ny kunnskap vise at det er risiko for spreining av finpartiklar utanfor deponiområdet må konsekvensar av dette utgreiast. Plan for desse utgreiingane skal avklarast med Miljøverndepartementet.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre tilstrekkeleg grunnlag til å treffe avgjerd i Engebøsaka. Miljøverndepartementet kan derfor ikkje godkjenne reguleringsplanen eller gje utsleppsløyve etter forureiningslova. Miljøverndepartementet vil slutthandsame saka umiddelbart etter at resultatet av nye undersøkingar ligg føre.

Med helsing

Bård Vegar Solhjell

Kopi:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fiskeri- og kystdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Direktoratet for naturforvaltning
Klima- og forurensningsdirektoratet